Vidare har internetbaserte ortofoto, eldre og nye kart vore nytta, særskilt kartverktøyet til Rogaland fylkeskommune «Temakart Rogaland». Når det gjeld SEFRAK er det vesentleg å understreke at *det er registeret revidert av kulturavdelinga ved fylkeskommunen som er brukt*, ikkje det opphavlege tilgjengeleg via Askeladden, Miljøstatus m.fl. Det er ikkje tale om nye objekt, men revisjon med vurdering i nye verneklassar. I våre temakart har me brukt dei same fargekodane som Temaart Rogaland, men trekantsymbol som i det landsdekkande registeret, istadenfor sirkelsymbol som i Temakart Rogaland.


Eit vesentleg moment i dette arbeidet har vore å skilje vekk objekt og miljø som har endra status etter siste oppdatering i Askeladden og SEFRAK. For objekt i Askeladden gjeld dette i stor grad objekt som står registrert som synlege på overflata i Askeladden, men som i dag faktisk er planert og overdyrka og ikkje lenger synlege. For SEFRAK gjeld dette at objekt er fjerna. Slike, saman med objekt som i Askeladden er registrert som fjerna, er ikkje tekne ut av kartgrunnlaget, men er samla i egne tabellar til sist i gjennomgangen av kvart av dei fire delområda.

Synfaring av plan- og influensområdet vart gjort i veke 15 i 2019. Under synfaringperioden var det sol og opphaldsvér. Tilhøva vart vurdert som forsvarlege i høve til føremålet med utgreiinga.

I 2020 kom Riksantikvaren med sitt framlegg til kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland (KULA-område) (Riksantikvaren 2020). Ved siste revisjon av denne utgreiinga var høyringsinnspela framleis til bearbeiding hjå Riksantikvaren. To av dei 17 føreslegne KULA-områda i Rogaland, vert råka av dei planlagde tiltaka: nr. 7 Rennesøy og Mastrafjorden og nr. 10 Randabergkysten. Relasjonen mellom tiltaket og KULA-områda vert vist på oversynskarta figur 11 og figur 68.

5. OMRÅDESKILDRING

Det er meldt ulike alternativ for plassering av ny line frå Stølaheia, Stavanger kommune, via Harestad, Randaberg kommune og vidare over Bru, Mosterøy og Norbø i Rennesøy kommune. I Stavanger og Randaberg ligg traseane og ny transformatorstasjon innanfor slettelandskapet på Låg-Jæren. Det er eit ope og vidt slettelandskap som strekkjer seg heilt ut til havet og utgjer den største låglandssletta i landet. Området er prega av moderne jordbrukslandskap og dei tradisjonelle kulturmarkstypene som lynghei, myr og utmark finst i dag berre som små isolerte smålapper. Landskapet rommar lite variasjon, men både steingardar, bebyggelse og trevegetasjon gjev stor visuell effekt. Mellom Randaberg og Rennesøy går traseane inn i kyst- og øylandskapet i Ryfylke. Landskapet er prega av mangfoldige øyrike, gjennomskore av sund og fjordar. Dei tradisjonelle lyngheiene utgjer framleis eit omfattande innslag, men området gjennomgår endringar mellom anna på grunn av attgroing av bjørk- og furuskog. Regionen er særskild rik på kulturminne, både fornminne, men også på kulturminne knytt til tradisjonell vestlandsbebyggelse med gardstun, sjøhus, naust, handels- og gjestgjevarstader. Regionen varierar mellom lune og tronge fjordar og sund og der fjordane løyser seg opp ut mot Ryfylkebassenget og opnar for vidt utsyn.




Figur 8. Kart, oversyn over plan- og influensområdet.

6. KULTURHISTORISK UTVIKLING

6.1 ELDRE TID

Då isen smelta etter siste istid vart det sett i gang eit innfløkt samspel mellom hav og land. Til den isfrie kysten kom så planter, dyr og dei første menneska. Den tunge breen hadde pressa ned landet, og utan denne børa byrja landet å heve seg. Samstundes gjorde alt smeltevatnet til at havnivået steig. Ei kartlegging av denne prosessen, dvs. kor høgt stranda låg til ei kvar tid, i ulike område, er avgjerande for at ein har klart å finne buplassane til menneska i steinalderen. Desse livnærte seg som jegrar og fiskarar og var nær knytte til strandsonen. Fangstbuplassar er også å finne i høgfjellet.



Figur 9. Tidslinje: dei vanlegaste periodenamna, forkortingar og tidfesting i vanlege kalenderår og C-14 år.

Sjølv om menneska heldt fram med jakt og fiske fram i moderne tid, skjedde det eit sentralt skifte i økonomisk tilpassing i slutten av steinalderen. Då jordbruket fekk sitt gjennombrøt kring 2000 f.Kr., med større og meir solide hus, husdyr, åkrar, og gjerde, vart folk meir stadbundne enn før, og no bundne til dei gode jordbruksområda heller enn til stranda. Overgangen til jordbruk førte med seg ei lang rekkje nye kulturminnekategoriar, mange av

dei lokaliserte til historisk innmark. I bronsealderen vart jordbruket sterkare fundamentert og samfunna synest å verte meir komplekse med varehandel over lange avstandar, metallteknologi og ulik maktfordeling – noko som viser seg i dei store og prangande gravhaugane og gravrøysane frå denne perioden. Sjølv om ein kjenner få rike graver frå fyrste halvdel av eldre jernalder, veit me i dag at dette var ein ekspansjonsfase i jordbruk og busetjing som heldt fram utan opphald frå yngre bronsealder. Frå siste halvdel av den eldre jernalderen kjenner ein til ei mengd gravfunn, og ei rekkje gardsanlegg som sidan har lege øyde. Her står Jæren i ei særstilling med ei stor mengd gardsanlegg der hustuffer, geiljar og gjerde framleis er synlege på overflata i dag.

Rike gravfunn og skattefunn, i tillegg til skriftlege kjelder, kastar lys over den yngre jernalderen med vikingtid. Gardsanlegg er tvert om sær sjeldsynte, truleg fordi ein har hatt kontinuitet i tun frå yngre jernalder gjennom mellomalder og inn i nyare tid. Dette vil seie at husa og tuna frå vikingtid og mellomalder ligg i tunet til den historiske garden, og er slik ofte øydelagde. Med mellomalderen forsvinn dei heidenske gravrituala, og med dei ein viktig arkeologisk kjeldekategori. Mellomalderen utanfor mellomalderbyane og kyrkjestadane er dårleg kjend gjennom arkeologiske kjelder. Folkeauka som prega yngre jernalder heldt fram i mellomalderen, men frå omlag 1300 er det fleire teikn til stagnasjon og tilbakegang. Dette altså før den store krisa med Svartedauden frå 1349 og stadige pestutbrot framover. Pestane førte til eit hundreår med dramatisk nedgang i folketalet. Sjølv om pestane ikkje forsvant heilt før kring 1650, byrja folketalet å stige att noko før 1500. På denne tida låg mange gardar øyde, og nokre vart aldri tekne opp att. I røynda rudde også krisa grunnen for den rivande utviklinga på 1500-talet: jord var billeg og rikeleg og adelen var sterkt svekka.

I tidleg mellomalder, nokre stader kanskje i løpet av vikingtid, endra hus og tun seg: heller enn eitt stort og langt hus, bygde ein mange mindre hus med ulike funksjonar. Ei mogleg årsak var at lafteteknikken kom til, iallefall i våningshusa, og bruk av tømmer gjorde det like greit å byggje fleire små hus som eitt stort. Våningshuset, eller stova, var typisk timra, utan glas og med åre eller røykonn, og utan himling i taket, med ei ljore for røyk og lys i taket.

Allereie i vikingtid vart det knapt med jord på Vestlandet. Frå omlag 1150 vart bønder flest leiglendingar hjå dei store jordeigarane kyrkja, kloster og adel. Parallelt med dette vart trælehaldet avvikla. Utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delte opp i stadig fleire bruk. Desse brukarane hadde oftast husa samla i eit felles tun. På gardar med mange bruk fekk ein då det ein kallar *klyngetun*. Deling av einbølte gardar i fleire bruk, førte også til oppdeling av åkrar, bøar og beite, det ein kallar *teigblanding*. Teigblandinga hadde også negative sider som vart betre synleg etterkvart som fenomenet auka. Reiskapane på garden var i stor grad dei same som i yngre jernalder. Ei viktig nyvinning var vasskverna, men det er vanskeleg å vite i kva grad denne fanst utanfor byane, klostera og storgardane. Frå kvernsteinsbrota veit me at produksjonen av handkverner heldt fram for fullt gjennom mellomalderen. Dei eldste skriftlege kjeldene er for mange bygder av lite verdi, og arkeologiske granskingar av gardstun og hus frå mellomalder er sær sjeldsynte - resultatet vert difor at bygdene fell mellom to stolar i denne perioden.

6.2 NYARE TID

1537 fungerer som ei praktisk grense i kulturminneforvaltninga. Objekt eldre enn 1537 er automatisk freda. For ståande bygg er denne grensa 1649. Nyare tid er tvillaust den bolken med dei raskaste og mest gjennomgripande endringane - materielt og samfunnsmessigt. Eit vesentleg bakteppe er den store folkeauka: 1500-talet var ein vekstperiode og henta inn og passerte folketalet frå før Svartedauden. Slutten av 1600-talet bar med seg stagnasjon og nedgang, medan 1700-talet vart ei betring att. Trass i kriseår tidleg på 1800-talet ser ein i dette hundreåret ein eksplosjon i folketalet, ei dobling frå ein million til to, i tillegg til at nesten ein million utvandra til Amerika.

Den industrielle revolusjonen og det store hamskiftet i jordbruket kan setjast som skiljevegg mellom det gamle og det nye. Mange stader gjorde ikkje maskinene inntog i sjølve jordbruket før etter siste krigen. I tillegg handla ikkje desse prosessane berre om maskiner og teknologi, dei var også vovne inn i vidare kulturelle, sosiale, politiske og åndelege skifte. I denne samanhengen er fokuset på dei materielle spora som vart sette.

Eitt er at gamle kategoriar vart gjorde i nytt formspråk - våningshusa, uthusa, sjøhusa, kyrkjene, båtane, vart bygde annleis. Folkeauken førte med seg framveksten av husmannsvesenet som nådde eit maksimum kring 1850, og var avvikla kring 1900. Husmannsvesenet førte mellom anna med seg spor av gardsdrift i randsonane kring dei gamle gardane. Den store eigedomsutskiftinga var ein sentral del av hamskiftet, og denne førte mellom anna til ei endring i plassering av hus og tun - gardane med mange bruk hadde hatt felles tun som kunne få nærast landsbypreg. Desse vart no splitta opp med eigne hus på eigne tun med eigne teigar samla kring. Mellom dei første store tekniske nyvinningane på bygdene var oppgangssaga. Men saga plank og bord var framleis dyrt, og det meste av sagbruksproduksjonen vart eksportert. På skogfattige Jæren var material kostbart og flytting av hus og oppattbruk av material var vanleg. Ein reknar at det særmerkte *jærhuset* oppsto på 1600-talet, og tok opp i seg nye drag kring 1800, samtidig som *midtgangshuset* breidde om seg.

Eit anna moment er at det kjem nye kategoriar med nye funksjonar. Når det gjeld bygningar er slike som er meinte for nye typar felleskap viktige. Den nye tida er nettopp prega av framvekst av nye felleskap: misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, målrørsla, lese- og samtalelag og ungdomslag. Og ein ukjend filosof skal ha sagt at: "hus byggjer lag" – ei fellesnemning for desse bygningane er gjerne *foreiningshus*. Eit anna kollektiv som kom til var skulen og skuleklassane. Etter Fastskulelova frå 1860 skulle alle norske born i skule, og skulen skulle i regelen vere ein fastskule og ikkje ein omgangsskule. Og med det sprang ein ny markant bygningstype opp i bygdene: *skulehuset*.

Andre verdskrigen med tysk okkupasjon av Noreg 1940-45 sette merke på Jæren - i einskildminne og folkeminne, og i landskapet. Båtar, hus og radioar vart kverrsatte av okkupasjonsmakta, sjøfolk vart liggande ute heile krigen, matvarer vart rasjonerte, og nokre miste livet. Det som i særleg grad bringa okkupasjonen tett på folket på Jæren var etableringa av tyske festningsverk. Krigsminne i form av festningsverk er monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er særleg pedagogiske i at føremålet oftast kan lesast og skjønast på staden: kanonstillingar plasserte i terrenget slik at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Dei var, og er framleis, kontroversielle med emne som: lokal bistand til

arbeid på festningane og norske jenter som heldt seg med tyske soldatar på festningane. Festningsverka er eit viktig kompliment til andre kjelder og anna kunnskap om andre verdskrigen. Det må også understrekast at krigsminne er av særleg nasjonal og internasjonal interesse. Forsvarsverket på Jæren var del av Festung Norwegen, og slik ein del av Atlantikwall (Atlantehavsvollen) som strakte seg frå Nordkapp til Biscaya. Det er ei sterkt aukande interesse for festningsverka i Noreg og i Europa, som viser seg i ei rekkje nye forskning- og dokumentasjonsprosjekt.

6.3 KULTURMINNE I ROGALAND – SÆRDRAG, PRIORITERINGAR OG UTFORDRINGAR

ELDRE JERNALDERS ØYDEGARDSANLEGG

I periodar av fortida med stor folkevekst spreidde busetjinga seg ut forbi dei beste jordbruksområda. Når det så skjedde ein nedgang i folketalet, eventuelt endringar i driftsformer eller organisasjon av drifta, kunne tidlegare gardsbruk bli liggjande øyde – såkalla *øydegardar*. Slike kjenner me frå folkevandringstida kring 500 e.Kr., frå høgmellomalderen før Svartedauden, og også frå seinare periodar. Særmerkt for Rogaland er den store mengda øydegardsanlegg synlege på overflata frå folkevandringstid. Dei ligg typisk i mark seinare nytta berre som beitemark.

Øydegardsanlegga frå eldre jernalder omfattar typisk eit tun med ei eller fleire *hustufter*. Dette har vore langhus med steinmurar langs veggane, og takberande stolpar innanfor. Frå hustuftene leiar ei fegate eller *geil* gjennom innmarka med åkrar til grensa mot utmarka. Dette er to låge, parallelle steingard. På innmarka kring husa ligg typisk *gravhaugar* eller *gravrøyser* og åkrar. Opparbeiding av åkrane førte med seg *rydningsrøyser* i kasteavstand. Pløying av åkrane i hellande terreng førte til *åkerreiner*, knekkar i terrenget av oppsamla jord frå pløyinga. Rundt innmarka, gjerne i tilknytning til geilen, går system av steingard, såkalla *gardfar*. Ullandhaug utanfor Stavanger er eit døme på eit slikt anlegg som vart arkeologisk granska og seinare rekonstruert.

Desse anlegga, særskilt dei som ligg i beitelandskap med autentisk preg, med alle dei sentrale kategoriane representert (hustuft, gravminne, geil, rydningsrøys og åkerrein), har høg opplevingsverdi og høg kunnskapsverdi. Særskilt lokalitetar som truleg har lege i utkanten eller eit stykke frå tunområdet, med berre rydningsrøyser og eller gardfar, står i stor fare for å forsvinne på grunn av nydyrking.

STAKKTUFTER/ALVEDANS

Ei *stakktuft*, også kalla *alvedans*, er spor etter ein særmerkt praksis for lagring av fôr, i form av gras eller lyng, utandørs. Tufta er skapt ved at det er grave ei grøft til drenering rundt ein firkanta eller rund tomt der gras eller lyng vart sett i ein stabel eller stakk.

Slike grøfta lagringsplassar for gras eller lyng var i vanlig bruk i Rogaland (mest Jæren) frå yngre jernalder til rundt 1830. Stakktufter var også i sporadisk bruk fram til 1970-talet (Lillehammer 2005: 218; Bang Andersen 2005). For mange kulturminnekategorier kan det finnast inntakte restar av kulturminnet under overflata, dersom nydyrking/pløying ikkje har

gått for djupt. Med dagens standardmetodar for arkeologisk gransking er kunnskapsverdien i stakktufter å rekne som låg. Mellom anna er dei vanskelege å tidfeste. Sidan ein reknar brukstida frå om lag 800 til 1830, 1000 år, må truleg også ein viss del av dei vere yngre enn 1537, og difor ikkje automatisk freda.

Stakktuftene er eit særmerkt drag ved det jærske beitelandskapet. Dei er, saman med rydningsrøysene, i dag særleg truga av nydyrking.

JÆRHUSET OG MIDTGANGSHUSET

Jærhuset representerer ein særmerkt byggjeskikk på Jæren med røter tilbake til det førhistoriske langhuset. Jærhuset slik me kjenner det i dag, og i fylgje dei fleste definisjonar, tok form på 1600-talet. Dei eldste hadde truleg bakvegg og gavlveggar bygde i stein. Mellom murane og reisverket i tre vart det danna kaldare rom, såkalla *skutar* eller *svoler*. Desse romma vart nytta som lager for torv, ved og anna. Den trebygde kjernen av huset hadde ein eller to lafta kassar eller rom. Jærhus etter ein slik streng definsjon finst det berre att eitt døme på, husmannsplassen Træet i Time. Betre økonomi, påverknad frå byarkitektur, og betre tilgang til materialar, førte til endringar mot det Jærhuset me kjenner best i dag. Ein vidare definisjon som vart nytta i Jærhusprosjektet, definerer Jærhuset som (Måseidvåg 2002):

- Eit ganske lågt hus
- Det har skutar og/eller svoler – halvkalde eller kalde rom utanfor den tømra kjernen
- Det er i hovudsak bygd før 1900

Skutane og svolene skil Jærhuset frå *midtgangshuset*, men mange jærhus er *også* midtgangshus. Midtgangsplanen, med ein gang og kjøkken i midtaksen med ei stove på kvar side, eventuelt også med kammers bak kvar av stovene, er eit sær vanleg bygningsplan over store delar av landet. Dette var ein byggjeskikk som breidde om seg på 1800-talet, og bak midtgangsplanet låg ei samanbygging av stova og eit av dei tidlegare uthusa, *bua*. Bua kom til å danne ei av dei to stovene på kvar side av midtgangen.

I kulturminnevernet i Rogaland har tradisjonelt jærhuset hatt høgare verneverdi enn midtgangshuset – det siste rekna som yngre, med mindre regionalt særpreg, og mindre autentisk. I dag er også midtgangshuset frå 1800-talet i ferd med å forsvinne på Jæren, og det er naudsynt å oppjustere verneverdien til desse.

7. KULTURMILJØ OG VERDIVURDERING

Me reknar influenssona som tilsvarande *nærvirkningssona* eller den *visuelle dominanssona*. Denne er sett til 200m på kvar side av traséen (sjå kap. 4.5). Mange av kulturmiljøa har delar som ligg både innanfor og utanfor influenssona. Kulturmiljøa er definerte i temakarta, her framgår også alle enkeltminne, også utanfor influenssona. I tabellane og verdivurderinga nedanfor vert det fokusert på enkeltminna *innanfor* influenssona.

Alle lokalitetar i Askeladden og alle objekt i SEFRAK er inkluderte i kartmaterialet. Steingardar som ikkje inngår i eit definert kulturmiljø er avmerka på kart og handsama generelt i kap 7.1).

Det er ikkje kjent kulturminne i sjø i eller nær influenssona (men sjå lokalitet med kvernsteinslast ved Kolsboane, kap. 10.3). Kulturminne i sjø er på dette stadiet altså eit spørsmål om *potensial for funn i sjø* (sjå kap. 10).

7.1 KULTURHISTORISKE LANDSKAP AV NASJONAL VERDI (KULA)

I 2020 kom Riksantikvaren med sitt framlegg til kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland (KULA-område) (Riksantikvaren 2020). Ved siste revisjon av denne utgreiinga var høyringsinnspela framleis til bearbeiding hjå Riksantikvaren. To av dei 17 føreslegne KULA-områda i Rogaland hamnar innanfor influenssona til tiltaket: nr. 7 *Rennesøy og Mastrafjorden* og nr. 10 *Randabergkysten*. Relasjonen mellom tiltaket og KULA-områda vert vist på oversynskarta figur 11 og figur 68. Innanfor desse landskapa er våre kulturmiljø å rekne som *delmiljø* innanfor dei overordna KULA-områda. Desse, KM 24, KM 26-34, har fått tilleggsverdiar av di dei er integrerte delar i slike overordna landskap av nasjonal interesse. Dei faktiske grensene for KULA-områda er ikkje endeleg vedtekte.

7.2 STEINGARDAR

Steingardane er eit særmerkt og dominerande drag i det norske kulturlandskapet, og i jorbrukslandskapet i Rogaland spesielt. Me har ikkje gjort ei fullstendig registrering av alle steingardar i plan- og influenssona. Me har inkludert dei mest markerte steingardssystema i temakart, på grunnlag av dei gamle ØK-karta, eldre og nye ortofoto og synfaring. I Randaberg kommune er det utarbeidd eit eige kart over steingardar i kommunen, og desse overførte til våre temakart.

RANDABERG

Steingardar er eit av dei mest verdifulle og karakteristiske trekkja ved kulturlandskapet i Randaberg kommune, så vel som på resten av Jæren. Då ny jord vart rydda og dyrka vart steinane lødd i steingardar som grenselinjer mellom eigedomar og som gjerde mellom innmark og dyrka mark. I Randaberg er steingardne stort sett enkle og lødde, med nokon få eksempel på doble steingardar (Randaberg kommune 2018:12). Plan- og influensområdet er prega av fulldyrka landbruksareal der maskinell og effektiv drift er dominerande. Landskapet er vidt, ope og bølgjande og har stor tettleik av kulturminne, også steingardar, som er eit karakteristisk og godt synleg element i landskapet.

RENNESØY

Også i Rennesøy kommune utgjer steingardar eit karakteristisk landskapstrekk og er eit av satsingsområda i kulturminneplanen for Rennesøy kommune. Steingardane inngår i ein landbruksmessig tradisjon som kan sporast langt tilbake i tid. Dei eldste steingardane er forhistoriske og kan sporast tilbake til jernalderen. Desse finn ein hovudsakleg som langstrakte vollar som buktar seg i terrenget, dekkja av mose og gras. Desse er automatisk freda og dei som ein kjenner til er i kulturminnebasen Askeladden.

Steingardar frå nyare tid kan delast inn i to hovudkategoriar: frå før og etter utskiftinga på slutten av 1800-talet. Den første gruppa er gjerne lødd opp av stein og er tilpassa forma på terrenget og går gjerdet langs kanten på bratte fjellskrentar for å hindre at beitedyr skulle dette utfor. Dei markerte gjerne eit skilje mellom inn- og utmark. Steingardar frå *etter utskiftinga* vart hovudsakleg anlagt for å markere eigedomsgrensar og går ofte i snorrette liner, utan omsyn til terrenget. Dei er ofte lødd i flate skiferstein og er høge og breie. Piggsteingard er ein annan type steingard som vart teken i bruk frå kring 1920. Stein var framleis eit viktig element, men berre som gjerdepålar kalla «piggsteidn» eller «pigghedler» (Rennesøy kommune 2015: 8-9).


7.3 DELOMRÅDE 1: STØLEHEIA- RANDABERG

Store delar av plan- og influensområdet ligg innanfor område registrert som slettelandskap på Låg-Jæren med regional verdi. Slettelandskapet er prega av moderne jordbruk, der både steingardar, busetnad og trevegetasjon får stor visuell effekt. Det er eit område rikt på fornminne og mange, samt varierte kulturminne frå nyare tid, der steinnaust, gamle ferdslveggar, jærhus og steingardar er eksempel på viktige kulturminne i landskapet (Stavanger turistforening 2009:45).

I sør går trasealternativa gjennom delar av området Stokkalandsvatnet-Hålandsvatnet. Området er dominert av store landbruks- og utbyggingsområde og dei to store vatna utgjer viktige element. Landskapsområdet har ein særprega og variert terrengform med vekslingar mellom tett vegetasjon og opne jordbruksareal (*ibid*: 63).

Lenger nord er Harestad -Varden også registrert som eit regionalt viktig landskap. Det er eit høgdedrag med ein særprega åsrygg med ei jamn og svakt bølgjande terrengform som dominerer i det elles flate jordbrukslandskapet. Området har betydelege kvalitetar i form av siktliner og variasjonsrikdom i mellom anna kulturminne (*ibid*:62).

Lengst i nord tangerer tiltaket *Randabergkysten*, føreslege av Riksantikvaren som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA).



Figur 10. Oversynskart, delområde 1 Stølaheia – Randaberg.


KM 1

Kulturmiljøet omfattar våningshus på gbnr. 40/1022, samt kopi av steinkross i krysset mellom Alvasteinen og Krossbergveien. Kulturmiljøet ligg innanfor grensene til øydegarden Austrheim. Austrheim er nemnd i skriftlege kjelder tilbake til 1347, men vart truleg lagt aude under Svartedauden. Utpå 1600-talet vert Austrheim nemnd i skriftlege kjelder som øydegard under Søre Sunde, gnr. 40 (Refheim 1981:32).

Våningshuset på gbnr. 40/1022, SEFRAK 11032507001, er bygd på slutten av 1800-talet, men modernisert fleire gonger i seinare tid. Tunet ligg i moderne jordbrukslandskap med fleire større veksthus.

I 1920 vart det funne restar etter ein steinkross ved Hålandsvatnet, den vart funne om lag 100 m frå dei to fjellknausane kalla «Krossbergjå». Kor krossen opphavleg var plassert veit ein ikkje, men stadnamnet kan indikere at det er ved eit av dei to Krossberga (Birkeli 1973:156). I 2000 stod Madla historielag for oppsetting av eit nytt steinkors på Krossberg. Like ved vart eit bronserelieff plassert, det syner dei ni attverande, originale steinkorsa i Rogaland (<https://norge.sandalsand.net/middelalderske-steinkors-i-rogaland>). Restane etter den originale krossen er oppbevart på Stavanger Museum. På Krossberg var også eit felt med røyser, ASK 54257. Dei største røysene var 4-5 m i diameter og 0,3 m høge. Desse vart fjerna på 1960-talet.

KM 1	VERDI	Oppleving >	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >		▲			

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 1			Verne-status	
SEFRAK ID	11032507001	Våningshus, Krossbergveien 79			Ikke kontrollert 	Datering: 184, 1800-tallet, 4. kvartal. Modernisert ca 1970 og i 1990, då både innvendig og utvendig. Påbygg 1991. Samanbygd med garasje mot sv (BraArkiv).
S 1		Kopi Steinkross			Ikkje verna	



Figur 11. Kopi av steinkross og bronserelieff som syner dei 9 originale, attverande, krossane i Rogaland. Mot nordvest.



Figur 12. SEFRAK 11032507001. Mot nordvest.

KM 2

Lyngnes var husmannsplass under garden Leikvoll, gnr. 63. Plassen vart teken opp i 1812 og hadde rett til å halde både hest og kyr, den hadde fiskerett og rett til å skjære torv og myr. I 1835 vart plassen eige bruk og fekk bruk nr. 7 (Lindanger 1984:412-413).

Grensene til kulturmiljøet samsvarer med området som er merka under «Nasjonal registrering av kulturlandskap», middels prioritert. Det vert skildra på følgjande vis: «sørvendt storfebeite ned mot Hålandsvatnet, grasdominert med hasselskog, eikeskog, furuskog og relativt rike prestekrage enger. Området grenser mot fulldyrka mark i nord, steinggjerder ned mot sjøen, og spor etter steinsette veiter.» (temakart Rogaland).

Det er ingen ting att av den opphavleg bygningsmassen i kulturmiljøet, SEFRAK 11270102007 er erstatta av ein nyare bygning. Området er delvis oppdyrka i nyare tid, men det er bevart delar av kulturbeite med steinstrukturar i form av tuft (S1) og steingardar.

KM 2	VERDI	Oppleving >>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>	----- ----- ----- -----				
		Bruk >			▲		

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 2			Verne- status	
Synfaring	S1	Tuft				Tuft av steinmur og betong, på flyfoto over området i 1937



Figur 13. Oversiktsbilete KM 2, Lyngneset (Norge i bilder).



Figur 14. Ortofoto over same området frå 1937 (Norge i bilder).



Figur 15. KM 2. S1, tuft, til høgre i bildet, restar etter steingard til venstre. Mot sør.

KM 3

ASK 72022, stakktuft, på gbnr. 63/8, oppført med uavklart vernestatus i Askeladden. Stakktufta er klart market i terrenget og ligg i eit område med kulturbeite.

KM 3	VERDI	Oppleving >>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >			▲		

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 3			Verne-status	
ASK ID	72022	Leikvoll	Arkeologisk minne	Utmarkskult urminner	Uavklart	Stakktuft, rektangulær, orientert NNØ-SSV. Klart markert, men lite tydelig i terrenget. Tuften ligger i plan med terrenget rundt. Grøften er br: 1/4 m og 0,2 m dyp. Stor stein i SV- og NØ- hjørne. 6,5 x 8 m.



Figur 16. Stakktuft, ASK 72022. Mot søraust.

KM 4

ASK 24414, gravminne med uavklart vernestatus. Kartmarkeringa syner at gravminnet ligg delvis under ein bygning, det er truleg ingenting att av gravminnet.

KM 4	VERDI	Oppleving >	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >	----- ----- ----- ----- -----	▲			
		Bruk >					

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 4			Verne-status	
ASK ID	24414	Leikvoll	Arkeologisk minne	Gravminne	Uavklart	

mindre markert gravhaug. Det skal tidlegare ha vore to bautasteiner til, i tillegg til ein liten gravhaug i sørvestre kant av røysa.

KM 6	VERDI	Oppleving >>>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 6			Verne-status	
ASK ID	64602	Hålandshaugen	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	På toppen av berget: 1) Gravrøys, rund. Klart markert og tydelig i terrenget. Overtorvet, men enkelte stein syner. Svært avflatet og omrotet i hele midtpartiet. D: 23 m og h: 1 m. 15 m V for 1); 2) Bautastein, bredsidan orientert NNV-SSØ. Avtar noe i lengde retningen. L: 2,5 m, br: 60 cm og tykkelse: 25 cm. Bautasteinen er plassert i en lav gravrøys; 3) Gravrøys, rund. Uklart markert og lite tydelig i terrenget. Overtorvet, men enkelte stein syner. D: 5,5 m og h: 1/4 m.
<p>I flg. Helliesen sto der 2 bautasteiner med ca. 30 m avstand. Den ene av disse er fjernet; 4) Bautastein, fjernet. I flg. Helliesen: L: 3 m og br. 0,8 m. Denne ble i flg. B. Myhre fjernet i ca. 1908, og skulle da bliit anvendt i en brønn. I flg. Helliesen lå der tidligere en liten gravhaug i SV kant av gravrøys 1); 5) Gravhaug, fjernet. I flg. Helliesen ble den fjernet i ca. 1855. Det ble funnet et gravkammer, som inneholdt urner, et spyd og et økseblad av jern samt noget mask, alt ble ødelagt og er tapt.</p> <p>Referanser: SMÅ 1898: Helliesen nr. 1 og 2. B. Myhre ØK-reg. 1958. Sekkepost med referanser og dokumenter</p> <p>Orientering: 50 m Ø for driftsbygningen på bruket til området V- kant. 10 m NØ for bolighus til området SV-kant. ART OG</p> <p>Terrengbeskrivelse: Delvis ryddet kulturbeite på høydetrug og bergknaus. Vid utsikt.</p>						
SEFRAC ID	11270102003	Våningshus, Håland			C ▲	Datering: bygd i 1857, modernisert. Opphavleg hadde bygget skud mot nord og var samanbygd med fjøs i syd, som no er vekke (Braaarkiv).



Figur 18. Utsyn mot gardstunet til bruk nr. 4 frå Hålandshaugen. SEFRAC 11270102003 er det kvite huset i midten. Steingard markerer skiljet mellom bruk nr. 4 og 6. Mot søraust.



Figur 19. Hålandshaugen og bautastein. Mot sørvest.



Figur 20. Restar etter gravminne på toppen av Hålandshaugen. Mot nord.

KM 7

«Kvekergarden», gbnr. 62/16, vart skild ut frå bruk nr. 10 i 1880. I 1884 kjøpte kvekaren Ingebret Erland d.e. garden. Ingebret Erland hadde i slutten av 1860-åra nekta militærtjeneste og sat 40 dagar på festninga i Bergen. Etter dette jobba han i 10 år hos Endre Dahl på garden Hetland. Rundt 1875 kjøpte Ingebret garden på Håland og dreiv garden godt. Sonen tok over garden etterkvart og Ingebret Erland d.y fortsette kvekartradisjonen på Håland fram til han døydde i 1947. Han var då den siste kvekaren i Randaberg (Nag 2018:78). Garden har regional verdi og er føreslått verna med omsynssone (H9) i kulturminneplan for Randaberg kommune (2018). Fem bygningar på tunet er registrert i SEFRAK, tre med verneklasse B og to med verneklasse C.

På garden, søraust for tunet, er det også registrert busetnadsspor i form av stolpehol, kokegroper og nedgravingar, med dateringar frå jernalder (ASK 213879).

KM 7	VERDI	Oppleving >>>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 7			Verne-status	
ASK ID	213879	Håland	Arkeologisk minne	Bødetning-aktivitetsområde	Automatisk fredet ●	Aktivitets- og bosetningsspor registrert med hjelp av maskinell sjaktning i forbindelse med Transportkorridor Vest fv. 409 2015. Lokaliteten er utgjort av funn i 6 sjakter; stolpehull, kokegroper, store nedgravingar mm. Det ble gjort lite gjenstandsfunn, foruten noen keramikfragmenter og brent bein. 14C- dateringar viser til aktivitet i mellomneolitikum, eldre og yngre bronsealder, romertid, folkevandringstid, merovingertid og vikingtid.
SEFRAK ID	11270102010	Driftsbygning, Håland, Kvekergården			C ▲	Datering: 1897. Steimmurer/grunnmurer er godt utført og iveretatt, det øvrige treverket er i dårlig stand (Braarkiv). På flyfoto er grunnflata på bygningen endra- deler av bygget bevart?
SEFRAK ID	11270102012	Eldhus, Håland, Kvekergården			B ▲	Datering: 1895. Eldhuset er i vest kortet inn for å oppnå tilstrekkelig passasje til våningshus.
SEFRAK ID	11270102011	Våningshus, Håland, Kvekergården			C ▲	Datering: 1885. Modernisert, tilbygg 1984. Ingebret Erland kjøpte og drev bruket fra 1884 til sønnen, Ingebret d.y., overtok i 1910. Kom fra Skjold i Ryfylket og var kveker (Braarkiv).
SEFRAK ID	11270102013	Verkstad/Redskaps hus, Håland Kvekergården			B ▲	Datering: 1885.
SEFRAK ID	11270102009	Kjerrrehus /Redskapshus, Håland Kvekergården			B ▲	Datering: 1885.



Figur 21. Kvekargarden med eldhus (SEFRAK 1270102012) i midten og driftsbygning (SEFRAK 11270102010) til høgre. Mot nordvest.



Figur 22. Våningshus (SEFRAK 11270102611). Mot sørøst.



Figur 23. Verkstad/reiskapshus (SEFRAC 11270102013). Mot nord.



Figur 24. Kjerrehus/reiskapshus (SEFRAC 11270102009) til venstre. Mot sørøst.



Figur 25. ASK 213879, busetnadsspor ligg under markoverfata. Mot sør.

KM 8

På Austre Goa, gbnr 61/10 er det registrert eit gravminne, ASK 54044. Gravminnet ligg inntil steingard som skil gardane 61/10 og 47/20.

KM 8	VERDI	Oppleving >>>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	----- ----- ----- ----- -----				
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 8			Verne-status	
ASK ID	54044	Austre Goa	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk fredet ●	Gravrøys, rest. Klart markert, tydelig i terrenget. Bevokst med gress og unge løvtrær. Avskåret av et ØNØ-VSV-gående steingard som ligger i skillet mellom 61/10 og 47/20. Den S-del er delt i to av et SSØ-NNV-gående steingard. I det T-formedemøtepunktet for steingardne er det plassert en strømmast. Den N-del av røysa er delvis fjernet
Rester av røysa syner inntil steingardt som deler eiendommene. I den S-del av røysa er det dyrket helt inntil og stein syner i dagen. Gjenværende del: ØNØ-VSV: 8 m., NNV-SSØ: 3 m., H: 0,4 m. Referanser: SMÅ 1898 Helliesen nr. 1., ØK-reg. B. Myhre 1958 3075 B6 R4. Sekkepost med referanser og dokumenter. Orientering: 90 m. VNV for driftsbygningen på 61/10. 110 m. ØSØ for driftsbygningen på 47/20. Terrengbeskrivelse : Dyrket mark. Møtepunkt for tre steingardar. Spredte løvtrær. Vid utsikt.						



Figur 26. ASK 54044. Mot nord.

KM 9

På Finnestad (Stavanger kommune) er det registrert ein lokalitet (ASK 220728) med spor etter førhistorisk busetnad. Det vart registrert 4 stolpehol, der eit av dei er datert til overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder (2459 BP).

KM 9	VERDI	Oppleving >	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 9			Verne-status	
ASK ID	220728	Bosetning spor	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk fredet ●	Bosetningspor i form av 4 stolpehull. Hvorav ett datert til 2459 BP



Figur 27. ASK 220728. Mot vest.

KM 10

På Rygg, gbnr 47/22 er det registrert to lokalitetar med busetnadsspor, ASK 220729 og 220730. Lokalitetane er i dyrka mark.

KM 10	VERDI	Oppleving >	Uten betydning				
		Kunnskap >>>	Noe				
		Bruk >	Middels				
			Stor				
			Svært stor				

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 10			Verne-status	
ASK ID	220729	Finnestad 1	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk fredet	Bosetningspor. Lokalitet under bearbeidelse
					●	
ASK ID	220730	Finnestad 2	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk fredet	Bosetningspor. Lokalitet under bearbeidelse
					●	



Figur 28. ASK 220729 og 220730. Mot nordvest.

KM 11

Kulturmiljøet famnar om dei fleste av gardstuna under garden Rygg, gnr. 47. Namnet Rygg, opphavleg Ryggen, kjem av bestemt form av *ryggr* (Hryggr) og tyder ein langstrakt forhøgning. Dagens gardsbusetnad ligg hovudsakleg på ei forhøgning langs Ryggveien, truleg spelar namnet «Rygg» nettopp på denne forhøginga (Lindanger 1983:25). Utskiftningskart frå 1834 syner at busetnaden også då lag langs ryggen der dagens busetnad er. Lindeberg hevdar også at klyngetunet frå mellomalderen, «Gamletunet» var plassert her (ibid:49).

Bygningsmassen på gardstuna langs Ryggvegen er i stor grad fornya og det er få bygningar frå rundt århundreskiftet att. Gardstuna til bruk nr 476, 492, 469, 10, 68 og 7, samt 18,6,25 (tidlegare husmannsplass Holten, nord for Ryggvegen) ligg innanfor influenssona til dei alternative linjetraseane. På garden Hagen (gbnr. 47/469) er ein bygning registrert i SEFRAK, eit eldhus frå byrjinga av 1800-talet. Vidare har bruk nr 492/493 ein bygning registrert i SEFRAK, et våningshus frå 1800-talet, 3. kvartal.

Innanfor influenssona er det også eit mogleg gravminne, ASK 34698. Det skal ha vore restar etter ein gravhaug på toppen av ein fjellknaus, men denne var ikkje synleg ved kontroll i 1958 og 1992. Gravminnet er oppført med *uavklart* vernestatus. Det vart heller ikkje funne synlege restar etter denne på synfaring. Det er sett opp ein mur på staden der gravminnet skal ha vore.

KM	VERDI	Oppleving > Kunnskap > Bruk >	Uten betydning				
			Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
11			-----	-----	-----	-----	-----
				▲			

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 11			Verne-status	
SEFRAK ID	11270301010	Eldhus, Rygg, Hagen			C ▲	Dateringca. 100 år gammelt (Braarkiv).
SEFRAK ID	11270301008	Våningshus, Rygg			C ▲	Datering: Søndre del bygd i ca 1850, rundt 1910 tilbygg og hevet. Vindfang bygd i 1960.
ASK ID	34698	Rygg	Arkeologisk minne	Gravminne	Uvklart ●	Paa toppen af en liden fjeldknaus ligger rester af en haug. Ved kontroll. reg 1958 og 1992 var det ingen spor etter forminnet. Referanser: SMA 1898, Helliesen nr.1. B. Nyhre kontr. reg 1958, 3075 B4 X9. Sekkepost med referanser og dokumenter



Figur 29. Våningshus, SEFRAK 11270301008. Mot sørøst.



Figur 30. Tidlegare eldhus, SEFRAK 11270301010. Mot nord.



Figur 31. ASK 34698, gravminne med uavklart vernestatus, skal ha lege på bergknausen til venstre. Mot nordaust.

KM 12

Kulturmiljøet omfattar ein automatisk freda lokalitet, ikkje-synleg under dyrka mark, ASK 220731. Lokaliteten omfattar tre kokegroper, den eine er datert til førromersk jernalder.

KM 12	VERDI	Oppleving >	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 12			Verne-status	
ASK ID	220731	Rygg kokegroper	Arkeologisk minne	Annen arkeologisk minne	Automatisk fredet ●	Kokegropslokaliet, totalt 3 kokegroper funnet under maskinell sjaktning i forbindelse med utvidelse av E39 Smiene-Harestad, Rogfast. Den ene ble C14 datert til 2324 BP.



Figur 32. ASK 220731 ligg under markoverflata.

KM 13

Kulturmiljøet omfattar ein automatisk freda lokalitet med busetnadsspor, ASK 161038. Lokaliteten er ikkje-synleg under dyrka mark, og omfattar funn av 15 strukturar i form av kokegroper, stolpehol og mogleg veggroft.

KM 13	VERDI	Oppleving >	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 13			Verne-status	
ASK ID	161038	Harastad lokalitet 2	Arkeologisk minne	Bosetning-aktivitetsområde	Automatisk fredet ●	Lokaliteten består av ca. 15 strukturer som ble avdekket innenfor et område på 2800m ² ved arkeologiske registreringer utført av Rogaland fylkeskommune. Lokaliteten ligger i dyrket mark, i en nord- til nordvestvendt skråning på vestsiden av en bergkulle som ligger øst for Odnaberget. Det ble funnet kokegroper og stolpehull, samt en mulig vegggrøft. Beskrivelse fra Enkeltminne: Strukturene konsentrerer seg i søndre del av lokaliteten.



Figur 33. ASK 161038 under markoverflata.Mot nordvest (foto Ø.E. 2016).

KM 14

Kulturmiljøet omfattar forsamlingshuset Foren, SEFRAK 11270302014, oppført i 1896. Huset tilhørte lekmannsmisjonen og vart også nytta som folkeskule. Bygningen er registrert med verneklasse A (markert med verneklasse C på kart, men i «Kommundeldelplan for kulturminner», er bygningen plassert i verneklasse A). Bygget vart noko modernisert og forlenga rundt 1985. Foren skule var det femte og siste skulebygget som vart sett opp etter fastskulelova i Randaberg (Randaberg kommune 2018: 53). Utedoen som sto tett nordvest for forsamlingshuset (SEFRAK 11270302015) er rive.

KM 14	VERDI	Oppleving >>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>	----- ----- ----- ----- -----				
		Bruk >>			▲		

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 14			Verne-status	
SEFRAK ID	11270302014	Forsamlingshuset, Foren			C ▲	Datering: 1896. Rundt 1985 forlenget og modernisert. Folkeskule.



Figur 34. SEFRAK 11270302006, forsamlingshuset Foren. Mot nordvest.



Figur 35. SEFRAK 11270302006, forsamlingshuset Foren, med synleg ruin til venstre. Mot nordaust.



Figur 36. Plassering stasjon 1 i høve til forsamlingshuset Foren (til venstre). Mot vest.

KM 15

Kulturmiljøet omfattar ein automatisk freda lokalitet, ikkje-synleg under dyrka mark, med førhistoriske dyrkingsspor (ASK 177662).

KM 15	VERDI	Oppleving >>>>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >>				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 15			Verne-status	
ASK ID	177662	Harestad 2	Arkeologisk minne	Dyrkingsspor	Automatisk fredet ●	Funn av dyrkningslag i minst 2 faser



Figur 37. ASK 177662. Dyrkningsspora ligg under markoverflata til høgre for vegen.

KM 16

Kulturmiljøet omfattar gardstunet gbnr 48/2 med ein bygning registrert i SEFRAK. Bruk nr. 2 vart skilt ut frå bruk nr. 1 på midten av 1800-tallet.

SEFRAK 11270201001 er eit torvhus, datert til 1800-talet, 2.kvartal (1835), i dag registrert i verneklasse B. Austre langvegg i torvhuset er ein del av steingarden som går langs dagens Torvmyrveien. Bygningen fekk nytt panel og nytt tak i 1980.

KM 16	VERDI	Oppleving >>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >			▲		

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 16			Verne-status	
SEFRAK ID	11270201001	TORVHUS , GRØDEIM			B ▲	Datering: 1800-tallet, 2. kvartal. En del av veggene til torvhuset er en del av et steingard. trolig ble bygningen bygget samtidig med steigjerdet (BraArkiv).



Figur 38. SEFRAK 11270201001, torvhus. Mot aust.

KM 17

Kulturmiljøet omfattar deler av krigsminnelokaliteten ASK 213367 (enkeltminna 3, 4 og 5), ein eldleingsbunker inne i skuleområdet i vest (utanfor influenssona), og to kanonstillingar på hammaren i aust. Krigsminne er eit eige tema i kommundedelplan for kulturminne for Randaberg kommune. Bakgrunnen for det er ynsket om å legge eit grunnlag for forvaltning av krigsminne i samband med arealplanlegging, samt å legge til rette for formidling av kunnskap til nye generasjonar (Randaberg kommune 2018:78).

For å sikre innseglinga til Stavanger var det viktig for den tyske okkupasjonsmakta å tidleg finne ein eigna stad for eit batteri. Alt i mai 1940 vart det utplassert tre kanonar på Grødemhammeren, fyrste byggjesteg i MKB (Marineküstenbatterie) 1./503 Stavanger (Grødheim). Det vart også etter kvart plassert ei brakke for oppbevaring av ammunisjon ved kvar kanonstilling. Seinare same sommaren kom 100 soldatar som skulle bygge ut området til eit større festningsanlegg. Det vart stor byggjeaktivitet og fleire anlegg vart bygd (Olsen 2010:118-135).

Enkeltminna 2, 6 og 7 i influenssona er fjerna.

KM 17	VERDI	Oppleving >>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >>			▲		

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 17			Verne-status	
ASK ID	213367-4	Grødem	Bebyggelse-Infrastruktur	Kaldkrigsminnelokalitet	Kommunalt listeført	Beskrivelse Kanonstilling 10 cm
ASK ID	213367-5	Grødem	Bebyggelse-Infrastruktur	Kaldkrigsminnelokalitet	Kommunalt listeført	Beskrivelse Kanonstilling 10 cm Dokumentasjon: Speideren(?) har bygget gruve oppi stillingen



Figur 39. ASK 213367- 5, kanonstilling. Mot aust.



Figur 40. ASK 213367- 4, kanonstilling. Mot vest.

KM 18

Kulturmiljøet omfattar delar av åtte bruk under Harestad (gnr. 49), bruk nr 2,12, 16, 17, 1, 32, 31 og 28. I tillegg til bygningar på gardstuna, er det også registrert tre automatisk freda kulturminne og to funnstader. Delar av kulturmiljøet ligg utanfor influensområdet til traséalternativa og berre enkeltminna som er innanfor, er omtala her.

Nyare tids kulturminne

På gardstunet til bruk nr. 16 er det registrert to bygningar i SEFRAK: våningshus frå 1870 (SEFRAK 1127302001), og driftsbygningen, alder ukjent (SEFRAK 1127302004). Begge er registrert med verneklasse C.

Gardstunet til bruk nr. 2 har også to bygningar registrert i SEFRAK: vaskehus datert til 1800-talet, 4. kvartal (SEFRAK 1127302006) og våningshus datert til 1800-talet, 3. kvartal (SEFRAK 1127302005). Begge er registrert med verneklasse C.

Gardstunet til bruk nr. 12 er også inkludert i kulturmiljøet. Ingen av bygningane her er registrert i SEFRAK, men både driftsbygningen og våningshuset er frå før 1937 (jf. ortofoto 1937). Truleg er bygningane frå byrjinga av 1900-talet.

På gardstunet til bruk nr. 32 er tre bygningar registrert i SEFRAK: våningshus, datert til 1800-talet, 3. kvartal (SEFRAK 11270302008), driftsbygning, datert til 1800-talet, 4. kvartal (SEFRAK 11270302013) og eit torvhus datert til 1800-talet, 3. kvartal (SEFRAK 11270302009). Alle er registrert med verneklasse C.

På bruk nr. 1 er det ein bygning som er registrert i SEFRAK registeret. Dette er eit tørkehus frå 1700-talet, 4.kvartal, registrert med verneklasse A med regional verdi (SEFRAK 112770302016). Bygningen vart truleg bygd kring 1790 og vart restaurert i 1960-åra av Randaberg bygdemuseum.

Automatisk freda kulturminne

På bruk nr. 1 er det registrert ein automatisk freda lokalitet, ikkje-synleg under dyrka mark (ASK 169810). Dette er ein stor lokalitet med busetnadsspor frå bronsealder og jernalder. Frå tidlegare var det registrert to gravminne på garden, ASK 54028 og 34701. ASK 34701 (rest av rundhaug) er fjerna og ASK 54028 (rund gravrøys) vart ikkje funnen att ved registrering i 2012 og har uavklart vernestatus.

På bruk nr. 17 ligg ASK 34700, ei gravrøys. Gravrøysa er i dag uklart markert, dekkja av torv og noko skada av ein potetkjellar og ei grøft som er greven inn mot midten.

Lokaliteten ASK 177645, ikkje-synleg under dyrka mark, på bruk nr. 12 omfattar førhistoriske busetnadsspor i form av kokegroper, stolpehol, moglege graver og vegggrøfter.

Vidare er det gjort funn av to arkeologiske gjenstandar, i dag lagra ved Arkeologisk museum i Stavanger. Funnstadane er registrerte i Askeladden (ASK 243104 og 243105), med status ikkje-freda).

KM 18	VERDI	Oppleving >>>	Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor
		Kunnskap >>>	-----	-----	-----	-----	-----
		Bruk >>				▲	

Enkeltminne ID		KULTURMIJØ 18			Verne-status	
